

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Utval for plan og miljø	024/2019	28.03.2019
Ungdomsrådet	020/2019	25.03.2019
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	018/2019	25.03.2019

## **GBNR 85/1 m.fl. - Strandvik - Utvida plangrense og ny høyring av planpogram Områdeplan for Strandvik sentrum**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Fusa kommune legg planprogram for områdeplan for Strandvik ut til ny høyring og offentleg ettersyn, med utvida plangrense.

Vilkår for gjennomføring av vedtaket er at det ikkje kjem inn uttalar frå høyringsinstansane under pågåande høyring, som krev ytterlegare utviding av plangrensa.

Vedtaket har heimel i Plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-8.

### **Utval for plan og miljø 28.03.2019:**

#### **Handsaming:**

Uttalar frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet vart lagt fram i møtet.  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **UPM- 024/2019 Vedtak:**

Fusa kommune legg planprogram for områdeplan for Strandvik ut til ny høyring og offentleg ettersyn, med utvida plangrense.

Vilkår for gjennomføring av vedtaket er at det ikkje kjem inn uttalar frå høyringsinstansane under pågåande høyring, som krev ytterlegare utviding av plangrensa.

Vedtaket har heimel i Plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-8.

### **Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 25.03.2019:**

#### **Handsaming:**

Følgjande felles framlegg vart samrøystes vedteke:  
Saka vert teke til orientering.

**RAAD- 018/2019 Vedtak:**

Saka vert teke til orientering.

**Ungdomsrådet 25.03.2019:**

**Handsaming:**

Saka vart samrøystes teken til etterretning.

**UNG- 020/2019 Vedtak:**

Saka vart teken til etterretning.

**Saksframstilling:**

Vedtaksmynde:

- Utval for plan og miljø

Saksdokument:

- Planprogram for områdeplan for Strandvik ( oppdater versjon)
- Kart - Utvida plangrense

Vedlegg: Sjå nederst i saka

- Illustrasjon – utvida plangrense
- Oversendingsbrev ( e-post frå ABO med endringar markert i blått)

Ikkje vedlegg:

- E-postar og anna korrespondanse

**Faktiske opplysningar og vurdering:**

Planprogram for områdeplan for Strandvik vart vedteke lagt på høyring hausten 2018. Kunngjeringsbrev til høyringsinstansane gjekk dessverre ikkje ut saman med brev til naboar og råka partar, og høyringsperioden vart difor utvida til 31.03.2019. Dette betyr at høyringsperioden for statlege mynde ikkje er over når den føreliggjande saka handsamast i UPM. Difor er det festa vilkår i vedtaket. Ein har valt denne løysinga for å mogeleg spara tid.

Det er kome inn to innspel til den første høyringa som administrasjonen meiner ein bør ta med seg i det vidare planarbeidet. Desse innspela er av ein slik karakter at dei vil medføra utviding av planområdet, og ei mindre justering av planprogrammet. Endringane er så store at planprogrammet må leggjast ut på ny høyring, og at plangrensa varslast på nytt. Difor melder ein no opp saka på nytt til Utval for plan og miljø.

Endringar i planprogrammet (sjå oversendingsbrev i vedlegg):

Alle illustrasjonar som syner kart/avgrensing er bytt ut/oppdaterte med framlegg til ny planavgrensing.

Ved å utvide plangrensa ved Haugsvegen gjev ein høve til å vurdera alternativ vegframføring. Det er skissert utfordringar med parkering og gjennomfart i eit gardstun, og ved å utvide plangrensa gjev ein rom for å finne betre løysingar for fastbuande og andre. Dette kan verta utfordrande å løysa utan å utvide plangrensa.

Flytande bustader er eit spanande innspel som ein ønskjer å sjå nærare på om kommunen e kan leggja til rette for i planen.

Det er ikkje kome inn andre private innspel som krev utviding av plangrensene, og rådmannen meiner at plangrensa bør utvidast slik den er skissert i vedlegg, og at ein bør varsle dette allereie no, slik at ein kan korte inn den totale høyringsperioden. Vedtaket vert utforma med vilkår, slik at ein ikkje legg planprogrammet på høyring og varslar ny plangrense dersom ein må ytterlegare utvide denne først. Då vil ein heller vente til ein har vurdert dei andre innspela, og sidan melde saka opp på nytt for ny høyring.

Alle innspel til planprogrammet, både offentlege og private, vert lagt fram med kommentarar når planprogrammet vert meldt opp til endeleg godkjenning i kommunestyret.

**Vedlegg:**

Illustrasjon - Utvida plangrense	1407495	13.03.2019
Kart - Ny plangrense	1407496	13.03.2019
Oversendingsbrev - Tillegg i planprogrammet	1407603	14.03.2019
Framlegg til planprogram for områdeplan for Strandvik - 13.03.19	1407604	14.03.2019